

EIN EKTE VESTLENDING!



Fitjar Mekaniske Verksted AS

www.fmvas.no

August 2018

BERRE GOE!



EIT KOMPLETT VERFT

I 2017 fylte FMV 60 år, ei stor hending for oss. Me såg litt på oss sjølv, kven me er og kor me kjem frå, og fann at me retteleg kan kalle oss «ein ekte Vestlending». Innan skipsbygging og design er det ein heidersbetegnelse som gir kraft og motivasjon, og som forpliktar. Sjølv er eg Nordlending, men er overtyda om at det er Vestlendingen som er seigast og best i motgang. Nordlendingen er god i medgang. Innan skipsbygging gjeld det å ha trua og vera seig og uthaldande i motgang, medan me må hauste i gode tider. «Motgang styrkar – medgang gjev sjølvtilitt», Vestlendingen og Nordlendingen kombinert.

Me er på Fitjar, ei vestlandsbygd, og ynskjer å framsnakka ho. Difor er denne brosjyra «grøn» i uttrykket, ein farge som står for natur, liv og vekst. Fitjar er ein naturskjøn kommune med mange dyktige arbeidsfolk, som og har fostra nokre av våre beste skipsdesignarar. Ein stor vindmøllepark er bygd og me er i ferd med å bli ein betydeleg landbasert oppdrettskommune. Staden har ei rik historie og vert i Håvamål nemd som «Fitjungr» («fit» betyr frodig eng). Også i dag bryggjast det øl på Fitjar. FMV er midt i smørauga geografisk og kulturelt med tanke på skipsdesign og skipsbygging.

FMV40 «OV Ryvingen» er eit HFMV design for Kystverket. Fartøyet tek i bruk miljøteknologi og tekniske løysingar for å redusere energiforbruk og utslepp. Batteriteknologien synes å være ein del av framtida, og me tek den i bruk på fleire nybygg. Reiarlag får valet om denne teknologien på mange av HFMV designa. Med varmereklarar og tørke, lokal forureining i byar og fjordar, reduserte driftskostnader og aukande miljøavgiftar er det mykje fornøft i å nytta «grøn» teknologi på fartøy.


Sommaren 2018 er det optimisme på Vestlandet. Sola skin igjen på «Gullkysten». «Oljo» er på opptur, laksen framleis høgt verdsett, turistane kjem i hopetal og det satsast på infrastruktur. På FMV har me tatt noko av skipsbygginga heim, og har i tillegg til arbeidsmåter, mellom anna 3 fartøy på 40-50m lengde som me byggjer komplett heime. Berre skrogbygginga på desse 3 prosjekta gjev ei «ekstra» regional verdiskaping på om lag 100 MNOK samanlikna med bygging ved eit utanlandsk verft.

FMV Merkeverksted vert etablert i år. Me har invitert ein del dyktige leverandørar til eit samarbeid for å gje våre kundar betre service og tenestetilbod. Målsetjinga er at dei som vel FMV skal få eit meir komplett tilbod, betre oppfølging i driftsfasen og redusert «off-hire» på fartøya sine. Vonleg vil det også styrka FMV i konkurransen om arbeidskraft, ein konkurranse kor me må lukkast.

Me har dyktige norske, men må også nytta utanlandsk arbeidskraft i produksjonen. Det er ikkje nok norske å få tak i. Skipsbygging er ein kompetitiv bransje, vidåpen for internasjonal konkurranse og med små marginar. Me vil ha norsk industriproduksjon, men enkelte aktørar synes mest interessert i å auke kostnadsnivået i Norge. Dette til tross for at fleire norske skipsverft, utstyrsprodusentar og entreprenørar har opplevd store økonomiske tap dei siste åra. Det siste er innføring av «RKL» (reise-kost-losji for «borteboarar»), noko som vert feira som ein siger i LO/Fellesforbundet men opplagt vil gje kostnadsauke og redusert fleksibilitet for verfta. Saman med andre særnorske ordningar, skattar/avgiftar og løns/kostnadsnivå er eg overtyda om at både norske reiarlag og skipsverft vil måtte gjera meir i utlandet. Det er ingen grunn til å feira, tvert om.

Me på FMV har satsa på å bli eit komplett verft. Me har utvida servicetilbodet og laga nye design, investert i infrastruktur, ansatte, og samspel med leverandørar og reiarlag. Me har jobba hardt og lukkast i å sikra ein god ordresreserve til våren 2020, bla med FMV44 «Hordagut»! Me trur Noreg og Vestlandet treng all den maritime industrien me har, og vel farga grøn for 2018.

Gode helsingar


Hugo Strand
Vertsdirektør

- EIN EKTE VESTLENDING

Med eit innbyggjartal på 3200 er ikkje Fitjar kommune den største, men kommunen veks og er plassert «midt i smørauge» i industri- og fiske-/oppdrettsregionen Sunnhordland.

På Fitjar finn ein dyktige folk med sterk dugnadsånd og rik historie. Fitjar var i lange tider kongsgård og trulig eit høvdingsete siden bronsealderen, kommunen er blant anna kjent for slaget i Fitjar år 961. Og i dag arrangerast det både spel, festival og sommarrevy så kulturlivet er sprekt.



Fitjar Rådhus

Fitjar Mek er ein viktig aktør i Fitjarsamfunnet, men ikkje den einaste. Midtjfellet Vindpark er ein av Noregs største, med 55 møller som kan produsere totalt 422.5 GWh. Og det satsast stort på landbasert oppdrett, kor bla Lerøy Sjøtroll har bygd eit anlegg som kan produsere 7 mill. postsmolt og 5.5 mill. smolt årlig basert på RAS teknologien.

Fitjar er namngjeten for sin flotte skjærgård og eit rikt sjøliv. Her er Kråko sjøhytteområde, ein av landets største med eit mangfold av hytter, sjøhus og naust. Og her finn ein både bryggekafe, bryggeri («ELØ») og «såpekokeri» (Fitjar Islands).



FMV2018 - betre og sterkare



Lerøy Sjøtroll sitt nye anlegg

"Fitjar er ein liten kommune... som rommer mykje..."



Fitjar – i vinden!



Håkon den Gode

På Fitjar er det godt å vere innbyggjar og industribyggjar.



FMV39 - "Taupo" - nyskaping i praksis

Nokre eksempler på nybygg frå FMV. Fartøy av mange ulike slag, hovudsakleg til fiskeri- og havbruksnæringane, men og spesialfartøy. Ein nydeleg bukett med noko av det beste og mest framtidsretta me finn innan norsk skipsbygging.



Me har lukkast i å skapa aktivitet på Fitjar Mek. Oppdrag innan service aukar og per august 2018 er ordreserven nybygg større enn nokon gong og rekk til forsommaren 2020. Med eit unntak er nybygga i ordre no designa på Fitjar i samarbeid med Heimli. Unntaket er designa hos naboen på Leirvik. Dei fleste båtane under 50m lengd byggjer me i sin heilhet i Noreg. Me skapar store verdiar og bidreg til andre sin framgang.

Ser me alle nybygga me har utvikla og bygd dei siste 5-6 åra må me kunne gje oss sjølv eit klapp på skuldra, og Heimli, reiarlaga og underleverandørar ein stor takk. Ved å jobbe godt, lære, samarbeide og tørre har me lukkast innan ulike marknader, fått nye kundar og beholdt dei me kjente frå før. No er me i gang med fleire nybygg som er nyskapande og utfordrande. Det veks me på. Og i 2018 visar me ei heil skattebått med prosessbåt-design laga i samarbeid med Napier og Heimli.

«Det grønne skiftet» er mykje omsnakka. Me tenkjer det er betre med handling enn ord. FMV40 «OV Ryvingen» prosjektet har eit betydeleg «miljøfokus», bla med ein batteripakke på 2 MWh samla sett, permanent-magnet thrusterar og avanserte styringssystemer for å både spare og gjenbruke energi. Me vonar denne teknologien er så god som leverandørane lovar og då kjem FMV, HFMV Design og framtids kundar til å dra god nytte av erfaringane frå dette prosjektet.

Det krevs mange «Berre Goe Folk!» for å gjennomføre det design- og byggeprogrammet me er inne i no. Me utviklar eigne folk, gjennom til dømes «FMV Prosjekt 2018» satsinga, og me har hyra inn dugelege skipsbyggjarar frå Simek i Flekkefjord, som desverre gjekk overende i sommar. Godt at FMV kan tilby jobb, og kjekt at Simek kompetansen vert nytta vidare. «Me byggjer for framtida på mange måtar.



«Økonomi handler ikke om å være sparsom med penger,
men å bruke dem klokt»

- Thomas H. Huxley

«Ei retteleg god samling»

FMV MERKEVERKSTED

Me satsar på service og etablerar FMV Merkeverkstad for å gi et breiare og djupare spekter av servicetene-
star til dei som nyttar FMV. Etableringa er eit samarbeid med utvalde leverandørar og entreprenørar som
FMV har årelang erfaring med, gjennom nybygg og service. Lykkast me, er planen å utvida tilbodet med
fleire utstyrskategoriar og leverandørar.

I tillegg til FMV og Heimli er per no disse med på laget:

NOGVA

Nogva Motorfabrikk AS

Nogva er leverandør av framdriftsanlegg og aggregat, gir og propellanlegg. Etablert i 1913, hovudkontor i Søvik, Møre og Romsdal. Har og virksomhet i Svolve.



Electro Automasjon Austevoll AS

Leverandør av tavlesystem og elektrotekniske produkt, som motorstartarar og kontrollkabinett. Tilbyr tenester innen prosjektering, engineering, produksjon og installasjon.



Petter Marine Hydraulics AS

PMH leverer produkt og system for hydraulikk, manøvrering og styring, styremaskinar, thrustere, wincher og kapstaner. Hovudsete i Trondheim kommune.

TESS

TESS AS

Norges største leverandør av slanger og slangeutrusting. FMV er eit sertifisert slangeverk-
sted. Tess har hovudkontor i Lier ved Drammen og er representert i heile Norge. Selskapet har ein offensiv vekststrategi.



NV Services AS

Kontraktør innen skrogbygging, stål og stålutrusting, aluminium og rørproduks-
jon. Utfører arbeid for ei rekke norske skipsverft. Hovudkontor på Hareid, Møre og Romsdal.



Vassnes Solutions AS

Elektroinstallatør som også tar på seg total enterpriser med engineering, innkjøp og installasjon. Hovudsete i Ølen, Rogaland.

- BETRE SÅMSPEL

På «FMV Sveiseneset» har me investert mykje i infrastruktur og utstyr, utvida verftsområdet og auka både antall ansatte og kompetansen deira.

Responsen frå marknaden har vore god og mengda service/ombyggingsarbeid har auka år for år. Difor lansera me no konseptet «FMV Merkeverkstad».

I fyrste omgang tek me med leverandørar som FMV har nytta mykje innan HFV nybygg av arbeidsbåtar og prosessbåtar. Disse leverer utstyr innan motor/propulsjon, dekkutstyr og el/automasjon, samt hydraulikk.

Me tek også med entreprenørane me har nytta til å byggja stål/alu og installera elektro saman med oss.

Det er eit behov i marknaden for betre og meir spesialiserte servicetjenester. Det skyldast ei teknologisk utvikling som går mot meir avansert skipsutstyr, auka krav til vedlikehald, sertifisering og sikkerheit om bord, og aukande økonomiske tap og kostnader ved «off-hire» og miljøutslepp.

FMV har som mål at våre kundar skal få konkurransefordelar ved å nytta oss, og våre leverandørar av utstyr og tenester skal preferera samarbeid.

FMV Merkeverkstad skal bidra til at me tek nye steg mot disse måla. Ved å betre samspelet og utvikle meir komplette servicetjenester, halde lager av reservedelar og forbruksartiklar og i nokre samanhengar forhandle utstyr, vonar me både kundar og leverandørar vil setje pris på satsinga.



«FMV - dyktige fagfolk med arbeidslyst og kapasitet»

FRAMTIDA

FMV er eit av dei norske skipsverfta som slapp billig unna «oljekrisa». Me tok grep før ho kom i 2014, medan dei største skipsverfta til dømes blei råka hardt. Sommaren 2007 var FMV «teknisk konkurs», men eigarane hadde moglegheiten og valde å styrka eigenkapitalen og berga verftet.

I dei om lag 10 åra som følgde fra då til 2018 har mykje skjedd på «Sveisenestet». Me har utvida verftsanlegget og fornya og betra infrastrukturen. Me har satsa på service og saman med Heimli, utvikla ei heil skattekiste HFMV design. Mange av dei er bygd komplett heime. Me har dobla antall fast ansatte og gått i pluss kvart år. Perioden har ikkje vore fri for utfordringar og motgang, men me har stått i det og komt styrka ut.

Kva vil stoda vere om 10 år, i 2028? Det er uråd å vite, men råd å synse. Opplagt vil konkurransen vera hard då og, men det vil og koma moglegheiter. FMV skal ha initiativ og kraft til å gå etter nokre av dei, som me har vist med til dømes HFMV P designa. Og sjølvstøtt vil ulike typar miljøteknologi, som me ser i FMV40 Kystverket prosjektet no, bli meir i fokus. Det krevst mykje av skipsverft å byggje fartøy full av ny teknologi, både krav til «kunnande» og ikkje minst auka prosjektrisiko. Så me må satsa på god prosjektgjennomføring også i åra som kjem.

Det viktigaste i 2028, som i dag, vil likevel vera å gjera den jobben FMV tek på seg godt. Difor må me fortsetja satsinga på infrastruktur og folk, forbetra og rasjonalisera produksjonsprosessar (truleg både «digitalisera» meir og automatisera noko av arbeidet). Me må klara å behalda novarande kundar og tiltrekka oss nye.

Me må ha fokus på å vera effektive, gjere jobben rett første gang, vera fleksible og dyktige på kontinuerlig omstilling.

Me må fokusera på det me kan påverka sjølv, og kjem framleis til å vera vår eigen lykkes smed!

- KVA BRINGER HO?

Styresmaktene våre har tatt nokre fornuftige grep nyleg. Dei valde til dømes å utlyse nye kystvaktsskip nasjonalt og etter 10år med oppmodingar, innført «Skipsordninga», ei Eksportkredit/GIEK ordning som betrar finansieringsmoglegheit for norske reiarar som vil byggja ved norske verft.

Men i Noreg har me mange konkurranseulempar vs utanlandske konkurrentar; blant anna særavgiftar, allmenngjering, høg løn og kostbare sosiale ordningar. For å drive verdiskaping i Noreg må me difor vera både smartare og betre der konkurrentar er billigare.

Skipsverfta er sær omstillingsdyktige, men me treng nasjonale F&U satsingar for å oppnå synergjar og meir automatisert produksjon, og finansieringsordningar for dei som vil satsa på modernisering av infrastruktur. Her må myndighetene bidra til nødvendige satsingar.

På FMV har me godt samspel med lokale tillitsvalde. Men det er ikkje alltid godt å skjønna kva dei sentralt vil oppnå. Det er for tida stort fokus på bemanningsføretak og utanlandsk arbeidskraft, som me er avhengig av for å kunne driva produksjon heima. Det er ikkje nok norske å få tak i her i «distrikta».

LO/Fellesforbundet har gjort mykje godt opp gjennom, men også ein del som fordyrar og vanskeleggjer bruk av utandlandsk arbeidskraft. Dei uttalar at dei ynskjer industriproduksjon og verdiskaping i Noreg, men praksisen deira motarbeidar intensjonen. For eit verft som FMV, som skapar betydelege lokale verdiar, er dette eit stort tankekors for framtida. Og når ein veit at ein arbeidsplass på eit norsk skipsverft gjev 3-4 arbeidsplassar i ringverkningar, bør nokon og einkvar tenkje seg om. LO/Fellesforbundet har stor makt gjennom avtaleverk og lovar. Med makta fylgjer ansvar også for andre områder enn «Stor-Oslo» og lønnskamp for egne medlemmar.

«Vi må henge sammen, ellers blir vi hengt hver for oss» - Jan P. Syse



To karar som byggjer; Verftsdirektør Strand og Samferdselsminister Solvik-Olsen



«Den beste måten å forutsi fremtiden på, er å skape den.»
- Alan Kay

FMV og Heimli utviklar stadig nye design, i tett dialog med reiarlag. Designprosessen er fasinierende og utfordrande, og gir oftast best resultat om reiar, designar og verft jobbar i lag for å dekkje noverande og sannsynlege framtidige behov for fartøyet. Me har ein eigen utviklingsmodell kalla «The HFMV Way», som har vist seg formålstenleg. Nokre av HFMV designa under bygging no er:



FMV 40 er eit spesialfartøy til Kystverket Rederi, som fartøy nr 4 i deira flåtefornyingsprogram. Fartøyet har hovuddimensjoner LxBxDriiss 47 x 12 x 4.9m og bygges komplett i Noreg. Fartøyet har batteri-hybrid motorkonfigurasjon, PM thrustere og ei rekke tekniske løysingar for å spara energi og utslipp. Designet er HFMV MFF Kystverket, utvikla i samarbeid mellom Heimli og Fitjar Mek, og det tredje nybygget FMV leverer til Kystverket. «OV Ryvingen» skal leveres i oktober 2018.



FMV 45 ELAX er ein nødslakte- og logistikkbåt, som også blir utrusta for å operera som støttefartøy under fiskebehandling. Fartøyet skal utstyrt med nyvinningen ELAX, for sortering og bearbeiding av fisk. Hovuddimensjoner LxBxDriiss er 25.5 x 9.8 x 4.3m, og lastekapasiteten er 140 tonn bløgget fisk. Fartøyet skal leveres sommaren 2019.



FMV 239 er ein arbeidsbåt av design HFMV W20 Sørfonn L klassen. Fartøyet har hovuddimensjoner LxBxDriiss 20 x 12 x 3.9m. Om bord installeres ein betydelig kran/dekksutstyrspakke, batteripakke på 92 kWh og Argus Mariner ROV. Dette er den tredje arbeidsbåten FMV leverer til Marinus Aqua Service, og «Restless Wind» skal være i drift i løpet av 2018



FMV 44 "Hordagut" er ein brønnbåt av HFMV LFC 4700 Hordalaks klassen, med hovuddimensjoner LxBxDriiss 82.9 x 18 x 8.5m. Det er lagt stor vekt på optimale fiskemiljø-forhold ombord, og fartøyet blir utrusta med ulike behandlingsanlegg for lus og sjukdom. Fremdriften er DE, forberedt for batteri installasjon. «Hordagut» skal leveres på forsommaren 2020.

PROSESSBÅTAR - NOKRE STORE NYE STEG

Saman med Napier og Heimli har me lagt ned mykje arbeid i å utvikla ein komplett designserie av prosessbåtar. Målet er at serien skal kunne dekkja dei fleste behov, frå logistikkfartøy via logistikk/nødslaktebåtar til nødslaktebåtar som og kan nyttas til støttefartøy under til dømes avlusingsoperasjonar. Designa er fleksible med tanke på kapasitetar, utstyrsval og arrangement, og Napier tilbyr både rederitenester og ulike eigarskapsmodellar for dei som har behov.

Prosessbåt har nokre fortrinn vs brønnbåt. Stikkord er biologisk sikkerheit, fiskevelferd, mindre svinn og lågare bygge- og driftskostnader. Det blir og truleg lettare å oppfylle strengare krav frå myndigheter angående kriterier for vekst, smitte og fiskehelse dersom det, til dømes, skulle komme forbud mot ventemerder. Me ser at fleire av dei største oppdrettsselskapa i Noreg er involvert i prosessbåt utvikling og bygging. Det vil sannsynligvis forsera utviklinga.



HFMV P15 - 70



HFMV P20 - 120



HFMV P26 - 200



HFMV P35 - 300



HFMV P43 - 400



HFMV P50 - 600



HFMV P55 - 700

"Ikke berre eit smykeskrin...
..men ei heil full skattebåte"

FRÅ
"GO OG STERK"
TIL
"BETRE OG STERKÅRE!"



Fitjar Mekaniske Verksted AS

Tlf. 53 45 72 00

post@fmvas.no

www.fmvas.no

Havnavegen 22, 5419 Fitjar

BERRE GOE!

